

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 05.05.2017

Utvalsleiar Håkon Kongshaug løfta saka om tettare samarbeid med ungdomsrådet i Sogn og Fjordane, grunna regionssamanslåinga. Utvalet diskuterte moglegheita for å arrangere eit felles møte med Ungdomspolitisk utval (UPU) og strategi for vidare kontakt.

Utvalsleiar Håkon Kongshaug løfta også saka om deltaking på Foyerkonferansen. Utvalet vedtok på møtet 19.04.17 at ein ønska å sende to medlemmar til konferansen og diskuterte derfor kven i utvalet som skulle reise.

Vegard Kleppe la frem arbeidet som har vore gjort i forbindelse med møte i Arbeisutvalet for opprettning av Nasjonalt Medvirkningsorgan for Ungdom (ANMU), som vart arrangert i Bergen 22.-23. april. På møtet deltok Vegard Kleppe og Martin Jonsterhaug frå UFU. Det vidare arbeidet med ANMU var også diskutert i utvalet.

Sommaravslutning etter siste utvalsmøte før sommarferien (02.06.17) vart diskutert i utvalet. Medlemmane kom med innspel til kor denne kunne arrangerast.

Vedtak

Ungdommens fylkesutval vedtek at UFU skal gå i dialog med UPU med sikte på å få til eit relasjonsmøte mellom dei to ungdomsråda. UPU skal inviterast til nettverkssamlinga. Leiar og nestleiar i utvalet får fullmakt til å fortsette dialogen med UPU på vegne av utvalet.

Ungdommens fylkesutval vedtek å sende Sigrid Farestveit Neset og Jens Hestnes Andersen til Foyerkonferansen 30.-31. august.

Sommaravslutning for utvalet vart arrangert etter utvalsmøtet 2. juni og vert på Matbørsen. Alle utvalets medlemmar, varamedlemmar og kontrollkomitémedlemmar vert invitert til å delta.